

MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 8, september 2025. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I desse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Alle breva ligg på NBS sine heimesider og kan lastast ned derifrå.

Temaa for dette nummeret er verdas fattigaste land og bistandsarbeid.

Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet.

DER MATKRISA RAMMAR HARDAST

FN-organisasjonen FAO utarbeider mykje materiale om mat- og svoltsituasjonen i verda. I førre månadsbrev presenterte me SOFI-rapporten, *The State of Food Security and Nutrition in the World 2025*, som gir hovudtal om mattryggleik og ernæring i alle land. I dei såkalla GRFC-analysane, *Global Report on Food Crises*, tek FAO for seg matsituasjonen i dei mest utsette og mest sårbare av verdas land. Formålet med analysane er å leggje fram for politikarar og hjelpeorganisasjonar vurderingar av land der behovet for annan politikk og hjelpearbeid er størst, og også å få meir kunnskap om kva som driv fram under- og feilernæring i vår tid. Med det kan verda også få nytt innsyn i kva som må til for å hjelpe desse landa eller områda og nærme seg målet om å utrydde svolt.

Arbeidet med desse rapportane, som no kjem annakvart år, skjer saman med ei mengd organisasjonar og ekspertar på ernæring og mattryggleik. Dei understrekar heile tida at arbeidet er basert på semje mellom aktørane. Det er altså ikkje slik at fleirtalet avgjer. Berre vurderingar og konklusjonar som alle involverte blir samde om, skal med.

Eit mål er samanliknbare tal, både mellom land/område og frå år til år, slik at me kan sjå om og i kor stor grad mattryggleiken blir betre eller verre for folk.

KRISEKATEGORIANE

FAO graderer krisene i dei utvalde landa på denne måten

Krisesituasjon 1: Liten eller avgrensa mattryggleik. Menneske i denne gruppa er i stand til å møte vanlege ut-

fordringar med matmangel, men tiltak trengst for at dei skal bli meir robuste og redusere sjukdomsfare.

Krisesituasjon 2: Stress. Menneske i

tiltak trengst om dei skal kome ut av uføret og sikre ei framtid.

295 MILLIONAR



denne gruppa når dei minstemengdene med mat som trengst for å overleve, men ikkje nok for å sikre liv i vanskelege situasjonar.

Krisesituasjon 3: Familiane manglar mat og blir lett ramma av feil- og underernæring, og dei treng hjelp og/eller strategiar for å meistre krise-problema. **Tiltak no** trengst for å verne liv og levebrød og redusere gapet mellom behov og tilgang av mat.

Krisesituasjon 4: Naud. Hushalda har store og varige manglar i mattilgangen, slik at svært omfattande underernæring og auka dødstal følgjer, eller dei er i stand til å redusere manglane berre med å bruke naudlager og tære på det dei treng for å overleve over tid. **Hastetiltak** trengst for å berge liv og levebrød.

Krisesituasjon 5: Katastrofe/massesvolt. Hushalda har ekstrem mangel på mat og er ikkje i stand til å dekkje grunnleggjande behov. Svolt, død og naud rammar. **Omfattande haste-**

Kartet på side 3 viser dei landa og områda som var utplukka for grundige undersøkingar. Landa med mørkblå farge fordi dei mottok omfattande hjelp utanfrå eller vart ramma av katastrofar som kom inn under FAOs varslingsystem for naturkatastrofar og krigar, lysblå farge viser utvalde land med responsplanar og grøne sirklar land i det økonomiske mellomskiktet som ikkje var med i analysen, men som hadde behov for ekstern hjelp fordi dei var ramma av naturkatastrofar, økonomiske sjokk eller konflikter eller fordi ein stor del av innbyggjarane var fordrevne med valdsmakt.

I 2024 var 295 millionar av våre medmenneske ramma av alvorleg matutryggleik. Talet er ikkje globalt, men henta frå 53 av dei 65 landa/områda som FAO plukka ut. Dei attverande 12 landa la ikkje fram tilstrekkeleg med materiale til at dei kunne inkluderas i analysen. I dei undersøkte landa/områda var 22,6 % av innbyggjarane ramma av akutt matutryggleik.

2024 var det sjette året etter kvarandre då talet på menneske i akutt matutryggleik auka. Jamført med 2023 vart talet 13,7 millionar høgare. Auken utgjør såleis nesten 5 prosent.

19 land opplevde forverring dette året og 15 land betring. Dei fleste av dei 19 landa der matutryggleiken auka, var land i konfliktdrivne kriser, som Nigeria, Sudan, Sør-Sudan, Haiti og Myanmar.

FORORDET FRÅ FNs GENERALSEKRETÆR

Denne globale rapporten om matkriser er endå ei urokkeleg tiltale mot ei verd som er farleg ute av kurs. Svolt er ikkje noko som berre skjer i somme lommer av verda eller til somme tider. Svolt er i ferd med å bli eit sår som etsar seg inn i livet til millionar av menneske over heile kloden. Det som driv fram svolt, er konflikhtar, geopolitiske spenningar, klimaskadar, miljørør og økonomiske omveltingar. Mat- og ernæringskriser styrer livet til millionar menneske, ikkje berre i veker eller månader, men i år og jamvel i folks levetid.

Som rapporten viser, var meir enn 295 millionar menneske i akutt svolt i fjor. I seks år på rad har dette talet auka. Frå Gaza og Sudan til Jemen og Mali har katastrofal svolt oppstått på grunn av konflikhtar og andre forhold. Katastrofeomfanget veks, rekorda blir nådde og hushalda pressa nn i svolt. Fordrivning av menneske har også auka. Vald og katastrofar tvingar familiar til å forlate heimane sine og dømmer menneske i alle aldrar til underernæring og jamvel død. Samtidig blir det meir ekstremvær, noko som øydelegg den globale mattryggleiken, lammar avlingar og bryt forsyningskjeder.

Bodskapen er tydeleg: Svolt og underernæring spreier seg snøggare enn vår evne til å reagere. Ein

tredjedel av den maten som blir produsert globalt, går tapt eller blir kasta. Langvarige kriser blir no forsterka av eit anna trekk ved denne tida, at livreddande humanitær støtte for å svare på behova skrumpar inn. Dette er meir enn ein svikt i matsystema, det er ein svikt for menneskeheita. Svolt i det 21. hundreåret er uakseptabelt. Me kan ikkje ta opp ta opp kampen mot tomme magar med tomme hender og ryggen til.

Styresmakter, bedrifter og avgjerdstakarar må ta dei tydelege åtvaringane i denne rapporten på alvor. Me må løyve pengar, finne løysingsmåtar og bruke global solidaritet for å byggje den mattrygge og klimarobuste framtida som alle menneske, over alt, treng og fortener. Handel må bli ein drivar for mattryggleik, ikkje ein barriere mot det same. Me treng rettferdige, transparente og robuste handelssystem som sikrar at maten blir frakta effektivt til dei som treng han, og aller mest under kriser. FNs Framtidspakt, vedteken i september 2024, gir ein ny påskuv til kampen mot svolt med å bidra til å byggje meir robuste, inkluderande og berekraftige matsystem for alle.

Me er i stand til å ta det store løftet med å få slutt på svolt, viss me forpliktar oss til endring og syner evne til å handle og å meisle ut ein annan, meir human veg framover.

António Guterres
Generalsekretær i FN

8 KATASTROFERAMMA LAND

Rapporten presenterer mykje materiale om dei mest sårbare landa og områda. Det følgjande er berre eit lite utdrag, og om 8 av 53 land/område.

DK KONGO

Den demokratiske republikken Kongo, DR Kongo, med 110 millionar innbyggjarar i alt, er landet med nesthøgast tal på menneske i akutt matnaud. Berre Nigeria har eit høgare tal, medan talet i Sudan er jamhøgt, og Bangladesh har nesten like mange i akutt matnaud. I andre halvår 2024 levde 25,6 millionar menneske i krisesituasjonane 4 og 5 i FAOs rangering. Av dei var 3,1 millionar i den mest dramatiske krisesituasjonen, kategori 5. 4,5 millionar barn i alderen 6 til 59 månader var i akutt underernæring, og nesten like mange kvinner som anten var gravide eller amma spedbarn.

Tilgang på næringsrik mat mangla og gjorde folk meir utsette for sjukdommar som meslingar, kolera og m-koppar. M-koppar, tidlegare kalla apekoppar, er ein virussjukdom som har ramma mange dei siste åra og som smittar med kontakt med infiserte dyr, særleg gnagarar, og menneske imellom. Vanlegvis er ikkje sjukdommen dødelig, men for underernærte menneske og i område med dårleg fungerande helsevern kan han vere det som får liv til å ta slutt.

Nesten over alt i DR Kongo er tilgangen på vatn og infrastruktur for sanitet mangelfull. Konflikhtar har gjort at store menneskegrupper er drivne

vekk frå sine buoområde og lever tett saman i eit omfang som gjer at korkje nasjonale styresmakter eller internasjonale hjelpeorganisasjonar er i stand til å dempe uføret vesentleg.

SUDAN

Den humanitære krisa i Sudan er like dramatisk og rammar ein større andel av innbyggjarane. Krisa har fleire årsaker, innanlandske konflikhtar etter statskuppet fire år sidan, krigshandlingar med grannar og spesielt Sør-Sudan, klimaendringar med omfattande tørke og flaumar, sjukdommar i kjølvatnet av nauda, samanbrot i vegnett og helsestell, økonomisk kollaps med ein inflasjon på 200 prosent berre i fjor, ei landsstyring som ikkje er i stand til å takle vanskaner og redusert internasjonal bistand er dei viktigaste. Det forverra seg dramatisk med jordskredet i Darfur 31. august i år. Når mat blir mangelvare, nyttar også matseljarar høvet til å setje opp prisane.

Nesten to tredelar av landets 40 innbyggjarar lever av landbruk, men ekstremvær, bønder som blir utkommanderte til krigstenest for ulike grupper, bønder og landarbeidarar som er så helsesvekka at dei ikkje maktar å utføre vanleg arbeid, og aller mest menneske som må forlate sine verestader, gjer at matproduksjonen minkar.

Nærare 12 millionar menneske er drivne på flukt no, av dei 8 millionar innanfor landet og fire millionar sil granneland, Egypt, Sør-Sudan, Tsjad, Den sentralafrikanske republikk,

Etiopia og Uganda. Dei samlar seg i gigantiske flyktningleirar, der hygieniske tiltak manglar og sjukdommar som kolera og diaré florerer.

25,6 millionar menneske var i fjor ramma av akutt matutryggleik, og av dei 8,5 millionar i kategorien med ekstrem svolt.

ETIOPIA

22 millionar av Etiopias 129 millionar innbyggjarar levde i fjor i akutt matutryggleik. I somme område, som Tigray, Afar og Somali, gjekk nauda noko ned, men i Belg og Meher svikta avlingane på grunn av tørke, styrtregn og konflikhtar, og matutryggleiken auka. Førebels tal tyder på at tala kan bli verre når det året me no er inne i, skal få sin rekneskap.

I tillegg til ekstremvær og konflikhtar i fleire regionar kjem at matprisane har stige mykje. Maisen vart 35 % dyrare frå mai 2023 til same månad i 2024, og andre kornslag, sorghum og teff, meir enn 50 % dyrare. No har inflasjonen minka noko att.

I 8 av 12 regionar er meir enn 10 prosent av innbyggjarane ramma av akutt matmangel. Samla gjaldt det 3,3 millionar barn frå ½ til 5 år. Om dei veks opp, blir det med svekka helse og for mange stutt kroppslengd, slik barn utan akseptabel ernæring i vekstperioden blir utsette for. Frå mange område i landet blir det meldt om kolerautbrot på grunn av mangel på vatn til drikke og sanitæromsyn og på grunn av medisinsmangel.

BANGLADESH

Syklonen som vart døpt Remal, nådde Vest-Bengal i India og Bangladesh sist i mai 2024, med veldig vind og nedbør som øydela avlingar sør i landet. Frå juli til oktober førte syklonen til flaumar og jordskred som raserte jordbruksland i stort omfang og attåt ramma husdyr og matlager. Enno er ikkje fullgode data tilgjengelege for dette, men blant det som er kjent, er at flau-men midt i august i fjor øydela mykje av risproduksjonen, over ein halv million tonn. Knapp tilgang gjorde at prisane vart sette opp med 16,6 % mellom oktober 2023 og same månad i 2024, samtidig som kjøpekrafta i familiane gjekk ned.

Konflikten med Myanmar førte til ny tilstrøyming av rohingya-flyktningar, ei muslimsk folkegruppe i Myanmar som staten der ser på som illegale innvandrarakar og har teke statsborgarskapet frå. I Bangladesh no oppheld ein million rohingyaer seg, dei fleste i eigne flyktningleirar, og det blir rapportert om dramatisk underernæring, kriminalitet og vald mellom ulike grupper, i tillegg til naturkatastrofane, såleis monsunflaumar, syklonar, jordskred og erosjon langs dei store elvane. Attåt rammar havstigninga som er i full gang, Bangladesh meir enn kanskje noko anna land. To tredelar av landet ligg under eller mindre enn fem meter over havnivået, og folkesetnaden er svært tett, med i alt 160 millionar menneske på eit areal som er fruktbart, men i storleik berre halvdelen av det norske.

Vel halvdelen av innbyggjarane er omfatta av FAOs analyse, og av desse er 23,6 millionar i akutt matutryggleik.

AFGHANISTAN

Av dei 44 millionane afghanarar lever 15,8 millionar, 36 %, i fjoråret i akutt matutryggleik, og av dei att 3,6 millionar i den aller mest utsette gruppa. Det er likevel ei betring sidan 2023, då talet på hardast ramma var over 6 millionar. Mathjelp utanfrå, gode avlingar og redusert inflasjon er blant årsakene til betringa. Omfanget av væpna konflikthar har også gått ned. Men berre 6,8 % av barna mellom 6 og 23 månader får akseptabelt kosthald, sjukdommar som meslingar, kolera og polio florerer, og svært mange manglar drikke- og vaskevatt. Den langvarige svolten i landet, som har vore herja av krigar og okkupasjon i meir enn fire tiår, set heile befolkninga vesentleg attende.

Natt til 1. september i år vart delar av Jalalabad-området ramma av eit kraftig jordskjelv. Hus og vegar braut

saman og fleire tusen menneske mista livet. Mange tusen vart skadde og like eins mange bygningar.

PALESTINA

Heile befolkninga på Gaza-stripa, 2,2 millionar menneske, er utsette for akutt matutryggleik, og av dei ifølgje 2024-tala nesten ein million i den hardast ramma krisegruppa. 75 % av avlingslandet, 57 % av drivhusa og 68 % av brønnane i landbruket var øydela ved årsskiftet. Analysane viser at problema har auka månad for månad. Truleg er dei langt verre no enn det fjorårstala viser, når Israels militærapparat driv folk fram og attende på Gaza, sjukehus og medisinalager er bomba sund og grensene sperra for mat- og medisinhjelp. Det har vore ei veldig prisstigning og prissvinging på matvarer. Prisane for basisvarer er opptil tidobla jamført med prisnivået før krigshandlingane byrja. Kveitemjøl har vorte 30 gonger dyrare. Marknadene fungerer ikkje eller har kritisk mangel på varer. Det som er att av landbruk, får ikkje vatn og ikkje kunstgjødsel til plantevekst, og husdyr blir øydela av bomber, dyresjukdommar og at bønder blir drivne vekk g dyr ståande utan tilsyn. Alt dette har gjort Gaza meir og meir avhengig av hjelp utanfrå, men med stengde grenser får ikkje hjelpesendingane med mat, drikkevatt og medisinar kome.

På Vestbreidda er 700.000 menneske, 21 % av samla befolkning, i akutt matutryggleik. Talet har stige med 100.000 sidan 2023. Også der øydelegg Israel og busetjarar matproduksjonen, driv bønder vekk frå jord og gardar og tek over sjølve. Landområdet med oliven dyrking er såleis redusert med 28 % frå 2021. Sjekkpunkt, jordvollar og murar mellom samfunn tek beiteland og levebrød frå beduinar og gjetarsamfunn, og økonomisk nedgang har tredobla arbeidsløysa etter Hamas-aksjonane 7. oktober 2023.

UKRAINA

5 millionar ukrainarar var i akutt matmangel i fjor. Det var ein nedgang frå 7,3 millionar i 2023. Den russiske invasjonen er sjølvsagt hovudårsak til det låge nivået på matproduksjonen. Åkerjord blir øydela av miner og krigsmateriell, kunstgjødsel manglar, arbeidsfolk i jordbruket blir utskrivne til krig, og mange er fordrivne innanlands eller til andre land, til saman bortimot 10 millionar, eller meir enn femtedelen av befolkninga.

Det høyrer også til biletet at sommaren 2024 vart svært tørr over stor delen av landet og at kornavlingane difor gjekk ned, med 13 % i høve til det normale i ikkje-okkuperte delar av landet. Og det høyrer med at rundt 20 % av landet no er okkupert av Russland. Den store naudhjelpa frå vest har redusert svolten vesentleg.

HAITI

Av land i Sør- og Mellom-Amerika er Haiti hardast ramma. 5,4 millionar menneske, 48 prosent av samla folketal, levde i fjor i akutt matutryggleik, og utviklinga dei første månadene av 2025 tyder på at talet er endå høgare no, 5,7 millionar. Halvparten av dei 300.000 barna under fem år lir av akutt underernæring.

Faktorane bak elendet er mange, væpna grupper i så stort omfang at styresmaktene er utan kontroll og at bønder blir fråtekne tilgang til jord, slik at avlingar ikkje blir hausta, det har vore ekstremvêr og jordskjelv, folk som dei siste åra har flykta over grensa til Den dominikanske republikk, blir drivne attende, arbeidsløysa er høg og prisstigninga på mat like eins. Frå 2018 har forholda vorte verre år for år. Drikkevatt manglar, helsevern og sanitetstiltak raknar, og sjukdommar som diare, kolera, malaria og lungeinfeksjonar spreier seg.



SKOLEMÅLTIDER FINANSIERT NASJONALT OG MED BISTAND

- 466 millioner skolebarn fikk i 2024 ett daglig skolemåltid gjennom offentlige tiltak. Økningen i dette tallet er et av de viktigste — og få — framskrittene i kampen mot sult.
- 20 millioner mennesker får direkte støtte fra Verdens matfond i form av matrasjoner eller penger til matkjøp.
- De siste fire årene har tallet på barn som får gratis skolemat, økt med 80 millioner. Raskest økning har det vært i afrikanske land, med 20 millioner flere barn med skolemat i løpet av 2023/2024.
- Globalt har nå nesten halvparten av verdens skolebarn tilgang til samfunnsbetalt skolemat.
- Fortsatt har en større andel barn i høyinntektsland enn i lavinntektsland tilgang til skolemat. I gruppa lavinntektsland er prosentandelen 27, blant rike land 79. Men den førstnevnte prosenten er i rask vekst, og et internasjonalt arbeid pågår for at veksten skal bli større (se boks til høyre.).

Tallene, som er hentet fra Verdens matprogram (i Norge vanligvis skrevet Verdens matvareprogram) viser at hver dollar investert i skolemat kan gi inntil 35 dollar i gevinst. Verdens matprogram har skolemat som et av sine viktigste arbeidsfelt og samarbeider med over 100 land om dette. 10. september la de fram en grundig rapport om skolemåltider i verden, med opplysninger fra 176 land. De fleste opplysninger i denne artikkelen er hentet fra rapporten.

Ordninger med skolemåltider har lange tradisjoner i noen land. I Storbritannia ble en lov vedtatt i 1907 om skolemåltid i fattige landsdeler. Land som Sverige og Finland tok i bruk skolemåltid i 1940-årene. De siste tiårene har India sett på skolemåltid som en rettighet for barn i utdanning, Brasil og Mexico har brukt skolemåltid aktivt for å bygge sosial trygghet, og Nelson Mandela i Sør-Afrika prioriterte skolemåltid for fattige barn for å få bedre kår for neste generasjon.

EN VINN-VINN-SITUASJON

Det at elever i barneskole, og også barn under skolealder og i videregående utdanning, har tilbud om et gratis måltid om dagen, har mange positive effekter, særlig blant fattige og i lavinntektsland. De små får næringsrik og tilstrekkelig mat en gang om dagen, det gjør at foreldre velger å sende barna på skolen framfor i lediggang eller arbeid hjemme eller ute, måltidet kan foregå etter håndvask med varmt vann og såpe, slik at gode hygienrutiner innarbeides og sykdommer blant barna kan unngås, og barna med fullført skole får med seg kunnskaper og arbeidsmetoder inn i voksenlivet.

Ikke minst viktig er det at trygghet og nok mat i skolen kan hindre barnearbeid

og utsette giftealder og graviditet for jenter. Dermed kan det også redusere store barnekull og høye fødselstall.


Skolemat gir lokale arbeidsplasser. I 76 land som har gitt opplysninger om det, arbeider over 2 millioner mennesker som kokker for å tilberede og servere skolematen. Det blir ca. en arbeidsplass per 70 elever. Og ikke minst gjør tiltaket at lokale matprodusenter kan inngå avtaler om fast varelevering.

I gruppa lavinntektsland utgjør 56 prosent av kostnadene bistand fra internasjonale donorer.

EKSEMPEL KENYA

Siden 1980 har Kenya hatt ordninger med skolemåltider og brukt dette som et verktøy for å øke utdanning og matsikkerhet i landets mest sårbare områder. Kenya har vært aktiv aktør i Skolemåltidssambandet, og sekretariatet er lagt til *Verdens Matprogram Kenya* i Nairobi.

I 2023 la Kenya fram en plan for at innen 2030 skal landets omtrent ti millioner skolebarn ha tilgang til gratis skolemat. I planen ligger også at maten



skal produseres lokalt og på bærekraftig vis av tørketolerante planter og i regenerativt landbruk. Maten skal kjøpes inn fra småbønder og samvirketiltak. Tran-sportavstander skal være så korte som råd, klimautslipp og andre naturskader unngås, og det skal «legges vekt på energieffektive matvarer som reduserer avskoting og karbonutslipp og forbedrer helse og sikkerhet i matproduksjonen» (sitat fra rapporten).

Utforming av planene har skjedd i nært samarbeid med Brasil. Hjelpeorganisasjoner i flere land har gitt teknisk og økonomisk støtte gjennom Skolemåltidssambandet.

FOR NORGE?

Dette er ikke stedet for å diskutere om Norge bør innføre skolemåltid for alle våre elever. Men det er stedet for å fore-

slå at vi følger Finland og gir vesentlige økonomiske bidrag til skolemåltider i fattige land. Det er blant de mest effektive bistands-tiltakene vi kan gi. Norge har også – i likhet med Finland – viktige historiske erfaringer med framvekst av samvirketiltak i landbruket og småbruk som tiltak for å komme ut av fattigdom og å styrke nasjonal beredskap. Dette er erfaringer med overføringsverdi til fattige land.

SKOLEMÅLTIDSSAMBANDET

På FNs digitale mattoppmøte i september 2021 gikk Finland og Frankrike i spissen for å danne *The School Meals Coalition*, Skolemåltidssambandet. Da Lula da Silva i 2023 overtok presidentembetet i Brasil etter Jair Bolsonaro, ble også Brasil sentral drivkraft i organisasjonen. Skolemåltidssambandet er et samarbeid mellom myndigheter for gode praksiser og felles rutiner for skolemåltider verden over og særlig i fattige land. I 2024 deltok over 100 land i arbeidet.

Sambandet har et sekretariat, ei ledergruppe (med Finland, Frankrike og Brasil) og ei større styringsgruppe der 12 land eller sammenslutninger av land er med. Det første toppmøtet var i Helsingfors i 2022, det andre i Nairobi i Kenya i 2024. I 2023 ble også en globalkonferanse om skolemåltider som tiltak i kampen mot sult arrangert i Paris. Dette var et samarbeidstiltak mellom myndigheter og bistandsorganisasjoner.

I felleseklæringen fra Nairobi-møtet uttalte deltakerne at de vil arbeide for å gjøre skolemåltider til ei prioritert oppgave i kampen mot sult globalt og i enkeltland, øke forståelsen for hvor viktig skolemåltider er for å bekjempe sult og hjelpe fattige land til finansiering, og engasjere givere og finansinstitusjoner. Arbeidsmål for sambandet er at i 2030 skal alle barneskolebarn ha mulighet til å få ett trygt, sunt og næringsrikt måltid på skolen.

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG 2025

Leiar Stein Brubæk, e-post stein359@gmail.com

Jens Erik Furulund, e-post jens-erik.furulund@gmail.com

Heidi Hogset, e-post Heidi.Hogset@hiMolde.no

Audun Emil Tvedten, e-post audun.e.tvedten@gmail.com

Olav Randen, e-post boksmia@online.no